## Historisk hus vart pinneved

11.01.2015



Slik gjekk det med Sjøhuset

**Det unike Sjøhuset mellom Flatholm og Neset vart gjort til pinneved av Nina natt til i dag. Det var tragisk, ikkje minst fordi dei historisk bevisste eigarane, familien Hermansen, nyleg gjennomførte ein omfattande restaurering av huset. Det har gjennomlevd mange stormar men overlevd alle med større eller mindre skader. Nina vart for mektig.**



- og sdlik gjekk det med dokkehuset

Som eit kuriosum samanlikna med skjebnen til Sjøhuset kan nemnast at eit heilt anna hus på den andre sida av bukta også vart berørt av stormen.

Det var dokkehuset til Åse Myklebust Neset. Men der var det ikkje noko skamfering som gjekk føre seg - taket vart løfta av relativt pent og pynteleg.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen